

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Flora Samfunnshus  
**Dato:** 21.11.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Marius Strømmen	NESTL	

## Følgjande varamedlemmar møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Audun Åge Røys	Marius Strømmen	

## Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 6/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 7/2018	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 2/2018	Orienteringssaker		
ST 8/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Evaluering av Rådgevande utval		2018/3362
ST 9/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2019		2014/48
ST 10/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi		2018/3283
ST 11/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Tiltaksmidlar 2019		2018/3933
ST 12/2018	Ålfotbreen verneområdestyre - Studentoppgåve om geoturisme		2018/3934
ST 13/2018	Eventuelt		

## **ST 6/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Vedtak ST 6/2018:**

Innkalling vart godkjent

Sakliste vart godkjent

## **ST 7/2018 Godkjenning av protokoll frå førre møte**

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert

**Vedtak ST 7/2018:**

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

## RS 2/2018 Orienteringssaker

- NVE fekk i mai løyve til å lande i Skjerdalen i samband med tilsyn/vedlikehald på ein vassføringsmålar. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- COWI AS fekk i september løyve til å fly lågt over Skjerdalsvatnet i samband med taking av vassprøver. Løyvet vart gjeve med delegert mynde. Seinare kom det melding om at prøvetakinga ikkje vert gjennomført i 2018.
- 26.oktober var det møte i Rådgevingande utval for Ålfotbreen. Styreleiar, naturoppsyn og forvaltar representerte forvaltninga på møtet. Vi fekk fleire gode innspel, både til besøksstrategien, til tiltak og til forvaltninga generelt.
- 31.oktober heldt forvaltar eit innlegg for kommunestyret i Gloppen. Tema i innlegget var presentasjon av Naustdal-Gjengedal LVO og Ålfotbreen LVO, lokal forvaltning m.m.
- SFE og NVE er i prosess med å få fornya løyve til helikopterflyging og snøskuterkøyring på Ålfotbreen i samband med bremåling og tilsyn med kraftanlegg. Forvaltar ventar på ein oppdatert søknad.
- Gjennomførte tiltak i 2018. Forvaltar vil greie ut om status på tiltak som er gjennomført eller jobba med i 2018:
  - Hope – Lavesteinen
  - Grusveg Hope – Nakkane
  - Stien frå Førdedalen til Hylle 7
  - Stigen ved Blåbrebu

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	8/2018	21.11.2018

## Ålfotbreen verneområdestyre - Evaluering av Rådgjevande utval

Ålfotbreen verneområdestyre oppnemnde sitt Rådgjevande utval i 2011. Styret er pålagt å ha eit rådgjevande utval i følgje vedtektene. Det er verneområdestyret sjølv som oppnemner utvalet og som bestemmer kven som skal vere representert der. Det tok nokre år før ein kom i gang med møta i utvalet, men sidan 2014 har det vore årlege møter.

### Dei som har plass i utvalet i dag er:

Leidulv Solvang – grunneigar Flora  
Arild Straume – grunneigar Gloppen  
Martin K. Førde – grunneigar Bremanger  
Visit Fjordkysten  
Visit Nordfjord  
Nordfjord folkehøgskule  
Naturvernforbundet i S&F  
Sogn og Fjordane turlag  
Sogn og Fjordane Energi  
Svelgen Kraft

Føremålet med utvalet er å få innspel til forvaltninga i frå lokalmiljøa og «grasrota». Og ikkje minst å få informasjon frå forvaltninga og ut til grunneigarar, brukarar, organisasjonar med meir. Utvalet er rådgjevande opp mot styret, men har ikkje noko formell mynde.

Utvalet har normalt hatt eitt møte for året. I desse møta har som regel styreleiar, verneområdeforvaltar og naturoppsyn vore til stades for forvaltninga. Møta har vore lagt til hausten, slik at vi kan få innspel til aktuelle tiltak før bestillingsdialogmøtet som styret ofte har i månadsskiftet november-desember. Medlemmene får dekkja reise, men ikkje møtegodtgjerdslø.

Utvalet har fungert ganske bra. Nokon har møtt på møta kvar gong. Andre har møtt veldig sjeldan.

Vi har fått mange gode innspel til forvaltninga, særleg gjeldande ønske om tiltak. Kor vidt informasjonen frå forvaltninga kjem vidare frå representantane og ut til andre, veit vi ikkje.

Styret bør vurdere om det er naudsynt å gjere endringar i utvalet. Her er det fleire tilhøve ein bør vurdere:

- Nokre møter sjeldan eller aldri. Nordfjord folkehøgskule har ikkje møtt på nokon av dei 5 møta vi har hatt. Naturvernforbundet, Visit Fjordkysten og Visit Nordfjord har møtt ein gong. Svelgen Kraft sin representant har og møtt ein gong, men samkøyrer ofte med SFE slik at SFE sin representant møter for begge. Har desse behov for plass i utvalet når dei sjeldan møter?
- Det er kome inn ynskje om at dei lokale turlaga vert representert i staden for Sogn og Fjordane turlag. Det vil bety meir lokalkunnskap. Det vil og bety tre plassar til DNT som organisasjon i staden for ein som i dag.
- Der er ein grunneigarrepresentant frå kvar kommune. Veldig varierende i kva grad dei stiller.  
Det kan vere bra om denne rolla går på «rullering» mellom ulike grender eller grunneigarlag i dei kommunane der fleire slike har interesser i landskapsvernområdet.
- Er det andre interesser, verksemder eller liknande som ikkje er representert i dag, som burde vere det?

### **Vedtak ST 8/2018**

Verneområdestyret evaluerte korleis Rådgjevande utval har fungert sidan det første møtet i 2014. Styret vurderer nokre endringar i representasjonen, basert på kor oppmøte og engasjement hos dei som har plass i utvalet.

- Dei tre lokale turlaga Kepien turlag, Flora turlag og Midtre Nordfjord turlag vil få tilbod om kvar sin plass i utvalet, i staden for ein felles plass til Sogn og Fjordane turlag. Dei lokale turlaga er blant dei viktigaste brukarane av verneområdet og kan bidra med mykje lokalkunnskap.
- Det vil gå ut henvending til grunneigarrepresentantane, grunneigarlag, bondelag etc., om dei vil rullere på grunneigarrapresentantane. Det er mange grunneigarar med interesser i og rundt verneområdet, so desse plassane bør ha ei viss rullering.
- Destinasjonsselskapa, Nordfjord Folkehøgskule og Naturvernforbundet har alle møtt på få møter Dei vil få henvending med spørsmål om dei framleis er interessert i å sitte i utvalet.
- Representasjonen til kraftselskapa vert ikkje endra.

Saka vil kome opp att på første styremøte i 2019. Verneområdestyret vil då oppnemne nytt Rådgjevande utval for ein ny periode, basert på tilbakemeldingane som kjem frå represenantane.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	9/2018	21.11.2018

## Ålfotbreen verneområdestyre - driftsbudsjett for 2019

### Innstilling frå forvaltar

Styret skal sende inn søknad om driftsmidlar for 2019. Her må det takast høgde for kostnadane knytt til styremøte, møte i Rådgjevande utval, eventuelle studieturar og synfaringar som styremedlemmer skal vere med på. Kostnadar knytt til forvaltar er ikkje ein del av styret sitt driftsbudsjett.

I framlegg til budsjett er det teke utgangspunkt i fire møte i verneområdestyret og eitt møte i Rådgjevande utval. Det er teke utgangspunkt i at alle representantar møter i møta.

#### Estimering av utgifter til møtegodtgjerdelse 2019

for Ålfotbreen verneområdestyre

Varighet per møte	Antal deltakarar	Timeforbruk leiar (t)	Møtegodtgjerdelse		SUM møte		Antal møter	Totalt
			Kostnad leiar (kr)	Timeforbruk øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)			
3	4	5	2 975	5	6 750	9 725	4	38 900
Møtegodtgjerdelse								<b>38 900</b>
Kostnader i samband med møta (lokale og servering)				Utgangspunkt i kr 2000 per møte				<b>8 000</b>
Tapt arbeidsforteneste		2 medlemmer får det dekkja		2000 kr per dag				<b>16 000</b>
Reisegodtgjerdelse				Utgangspunkt i kr 700 per pers per møte				<b>11 200</b>
<b>Totalt</b>								<b>74 100</b>

I tillegg til kostnader knytt til styremøte i verneområdestyret, kjem kostnadar knytt til Rådgjevande utval. Der er det normalt eitt møte i året, med inntil 10 representantar. Kostnadar til å arrangere møtet og reisekostnadar er budsjettert til maksimalt 7000 per år.

Det er ikkje lagt inn kostnadar knytt til planarbeid i 2019.

**Totalt vert framlegg til driftsbudsjett for 2019 då på kr 81 100.**

## Vedtak ST 9/2018

Ålfotbreen verneområdestyre søker om midlar til følgjande driftsbudsjett for 2019:

Kostnader med styremøta (budsjettert med fire møte):	74 100
Kostnader knytt til møte i Rådgjevande utval	7 000
Kostnader med studietur for styret, tema geologi	35 000
Kostnader knytt til deltaking på eventuell nasjonalparkkonferanse i regi av Miljødirektoratet	24 000
<b>Totalt</b>	<b>140 100</b>

Budsjettet vert sendt til Miljødirektoratet som søknad om driftsmidlar.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	10/2018	21.11.2018

## Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi

Besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernområde fekk fagleg godkjenning før høyring 24.juli. Strategidokumentet vart lagt ut på nettsida til verneområdestyret, og det vart sendt ut e-post med varsel om høyringa til aktuelle partar og interesser 12.oktober. Høyringsfristen vart sett til 20. november.

I tillegg til å vere lagt ut på nettsida, vart besøksstrategien presentert på møtet i Rådgjevande utval. Det har kome inn innspel til strategien, både i møter og på e-post. Høyringsfristen går ikkje ut før dagen før styremøtet, so det kan kome inn fleire høyringsinnspel etter at sakspapira er skrivne. Desse vil i so fall verte sendt ut rett før, eller verte presenterte i, styremøtet.

### Høyringsinnspel

Frå møte i Rådgjevande utval:

- Det står kap 2.2 at Ålfotbreen ikkje vert nytta av reiselivet til kommersielle reiselivsprodukt. Det var litt usikkert om dette faktisk er riktig, og dette burde sjekkast opp nærmare.  
*Kommentar: Der finnast nok verksemder som kan tilby guiding på Ålfotbreen på førespurnad. Men vi kjenner ikkje til noko «bookbart» eller fast tilbod. Dette bør omformulerast i teksten.*
- I kap 2.4.2 er det liste over T-merka ruter, og der står det at Hope – Gjegnabu – Gjegenen er merka. Ruta frå Gjegnabu til Gjegenen er berre delvis merka, i starten. Dette punktet bør derfor rettast.  
*Kommentar: Bør endrast i teksten.*
- Kap 2.4.3: Dagsmarsj på minst 12 timar på barmark mellom Blåbrebu og Gjegnabu er kanskje litt rikeleg.  
*Kommentar: Kan kanskje skrive om. Det er ein drøy dagsmarsj, men minst 12 timar er nok å ta i.*

- Kap 3.2.2 Informasjon: Forvaltninga bør bruke UT.no og liknande plattformer for å få ut informasjon om verneområdet og turane i verneområdet.

*Kommentar: Det er ein god ide å bruke etablerte kanalar og plattformer, i staden for å «prøve å finne opp krutet på nytt».*

- Kap 3.2.3 Innfallsportar: Her er det prioritert fire innfallsportar. Pluss at Mettenes er nemnt. Burde Svelgen og vere med her?

*Kommentar: Svelgen er ein av innfallsportane til verneområdet, og står nemnt både i Forvaltningsplan og i kunnskapskapitlet (kap 2) i besøksstrategien. Men, den er ikkje blant dei som er valt ut og prioritert i besøksstrategien. Eg meiner at ein skal halde på dei 4 innfallsportane som er trekt fram og prioritert gjennom ein prosess, og ikkje legge til fleire so seint i prosessen. Ein får heller vurdere andre innfallsportar ved revidering av strategien.*

### **På e-post:**

#### Flora turlag:

- Styret er positive til den prioriteringsrekkefølga som er lagt fram i forslaget. Stien Hope- Lavesteinen som ein "hovdtrasse" inn til området, samt at denne stien er vert rusta opp for å auke tilgjengelegheita.
- Flora Turlag, har som rapporten omtalar, hyttene Blåbrebu og Gjegnabu i Ålfoten landskapsvernområde. Vi ynskjer gjere merksam på at ved hytta på Gjegnabu er det ikkje sikringsbu. Dette kan vere eit moment ein bør ta omsyn til for å i vareta sikkerheita til dei som overnattar på Gjegnabu då hytta ligg i eit værutsatt og høgtliggjande område.

*Kommentar: Vi kan godt skrive inn i kap 2.4.3 at Gjegnabu manglar sikringsbu.*

### **Handsaming i møte:**

Verneområdestyret må ta stilling til om dei vil gjere endringar i besøksstrategien, basert på dei enkelte innspela og eventuelt kommentar frå forvaltar.

### **Vedtak ST 10/2018**

Forvaltar gjekk gjennom dei innspela som har kome inn i høyringa av besøksstrategien. Styret kommenterte dei enkelte punkta i innspela og gav føringar for kva som skulle endrast.

Forvaltar legg fram eit endeleg framlegg til besøksstrategi, samt ei oversikt over endringar, til verneområdestyret.

Styret vedtok at endeleg versjon av strategidokumentet kan godkjennast av styret per e-post.

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Ålfotbreen verneområdestyre	11/2018	21.11.2018

## **Ålfotbreen verneområdestyre - Tiltaksmidler 2019**

Verneområdestyret må sette opp og prioritere tiltak for bestillingsdialogen for 2019. I bestillingsdialogen kan det setjast opp tiltak som gjeld skjøtsel, tilrettelegging og informasjonsarbeid. Tiltaka skal bidra til å sikre eller fremje verneverdiane og andre naturverdiar i og rundt verneområdet. Tiltaka skal ha unik prioritering.

Besøksstrategien bør ligge til grunn for bestillinga, men det kan og vere aktuelt med tiltak som ikkje er forankra i besøksstrategi. Mellom anna vil dette gjelde skjøtselstiltak.

Pri	Tiltak	Skildring	Sum	Grunngjeving	Forankring
	Hope-Lavesteinen	Gjere ferdig arbeidet på stien frå skogsvegen i Hope til Lavesteinen	200 000	Hope - Lavesteinen er valt som hovudinnfallsport til Ålfotbreen landskapsvernområde i besøksstrategien. Stien er i dag ganske dårleg på denne strekninga og får dårlege tilbakemeldingar frå brukarane.	Framlegg til besøksstrategi
	Sti i Førdedalen	Utbetne sti i Førdedalen, frå enden av traktorveg til Fessene	200 000	Førdedalen er blant dei prioriterte innfallsportane til Ålfotbreen. Skal vere lågterskel innfallsport	Framlegg til besøksstrategi
	Grus skogsveg i Hope	Gjere ferdig utbetring av skogsveg Hope - Nakkane	40 000	Gjere ferdig påbegynt prosjekt. Hope er hovudinnfallsport.	Framlegg til besøksstrategi
	Skilt	Sette opp informasjonsskilt om Ålfotbreen LVO i knutepunkt der folk ferdast. Skilta skal vere i tråd med besøksstrategi, ny merkevarestrategi og malane i merkevarestrategien.	100 000	Vi må informere besøkande og reisande om verneområdet der dei er, ikkje berre i innfallsportane.	Framlegg til besøksstrategi
	Bru ved Støylsvatnet	Reparere feste/forankring til bru ved Støylsvatnet i Grøndalen, på stien til Blåbrebu.	40 000	Viktig at eksisterande infrastruktur er trygg, og at den tåler bruk og påkjenning.	
	Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein dårleg/øydelt trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017.	15 000	Tiltaket vart byrja på i 2017, men vart av ulike årsaker ikkje ferdigstilt.	Tiltaks-plan, bestillings-dialog 2017
		<b>Sum</b>	<b>595 000</b>		

#### Vurderingar:

- Skal ein ha med alle dei tiltaka som står der i bestillingsdialogen for 2017? Er det tiltak som ikkje fell inn under postføremålet eller som ikkje er forvaltninga sitt ansvar/arbeidsområde?
- Er det tiltak som manglar på lista?
- Er kostnadssummane realistiske? (kan justere opp eller ned)
- Verneområdestyret må gjere ei unik prioritering av tiltak

## Vedtak ST 11/2018

Verneområdestyret legg til grunn at det er viktig å sørge for at den eksisterande infrastrukturen er god og trygg å bruke. Vidare er det viktig å gjere ferdig påbegynte tiltak.

Ålfotbreen verneområdestyre sender følgjande liste som søknad om tiltaksmidlar for 2019 til Miljødirektoratet:

Pri	Tiltak	Skildring	Sum	Grunngjeving	Forankring
1	Bytte ut stige ved Blåbrebu	Bytte ut ein dårleg/øydelt trestige på ruta frå Blåbrebu til breen. Gjere ferdig tiltak som vart byrja på i 2017.	25 000	Tiltaket vart byrja på i 2017, men vart av ulike årsaker ikkje ferdigstilt. Viktig å gjere ferdig påbegynte tilta.	Tiltaks-plan, bestillingsdialog 2017
2	Bru ved Støylsvatnet	Reparere feste/forankring til bru ved Støylsvatnet i Grøndalen, på stien til Blåbrebu.	40 000	Viktig at eksisterande infrastruktur er trygg, og at den tåler bruk og påkjenning.	
3	Grus Hope	Gjere ferdig utbetringa av skogsvegen frå Hope til parkeringsplassen på Nakkane.	40 000	Gjere ferdig påbegynt tiltak. Hope er hovudinnfallsport.	Framlegg til besøksstrategi
4	Hope-Lavesteinen	Gjere ferdig arbeidet på stien frå skogsvegen i Hope til Lavesteinen	200 000	Hope - Lavesteinen er valt som hovudinnfallsport til Ålfotbreen landskapsvernområde i besøksstrategien. Tiltaket vart starta opp i 2018.	Framlegg til besøksstrategi
5	Sti i Førdedalen	Utbetre sti i Førdedalen, frå enden av traktorveg til Fessene	200 000	Førdedalen er blant dei prioriterte innfallsportane til Ålfotbreen. Skal vere lågterskel innfallsparty	Framlegg til besøksstrategi
6	Skilt	Sette opp informasjonsskilt om Ålfotbreen LVO i knutepunkt der folk ferdast. Skilta skal vere i tråd med besøksstrategi, ny merkevarestrategi og malane i merkevarestrategien.	210 000	Vi må informere besøkande og reisande om verneområdet der dei er, ikkje berre i innfallsportane. Styret har mål om å sette opp 3 skilt i 2019, eitt i kvar kommune. Erfaringstal frå pilotane som har sett opp skilt syner kostnad per skilt opp mot 70.000	Framlegg til besøksstrategi
		<b>Sum</b>	<b>715 000</b>		

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	12/2018	21.11.2018

## Ålfotbreen verneområdestyre - Studentoppgåve om geoturisme

Verneområdestyret har tidlegare ytra ynskje om å få utgreia potensiale for reiseliv knytt opp mot geologien i Ålfotbreen landskapsvernområde og omegn. Vi har vore i kontakt med høgskulen i Sogndal som syns det er interessant. Dette kan vere aktuelt som ei bacheloroppgåve for ein student innan reiseliv eller naturfagleg retning.

Verneområdestyret må hjelpe Høgskulen med å «bygge opp» ei slik oppgåve. Styret må derfor skissere grovt kva ein ynskjer å oppnå med arbeidet, kva ein ynskjer å finne ut av.

Spørsmål som kan ligge til grunn for ein diskusjon i styret:

- Kva ynskjer ein å få ut av eit slikt arbeid?
- Problemstilling for ei oppgåve?

Verneområdeforvaltar har undersøkt litt kring temaet. Etter det som er å finne på nettet å dømme, vert nisja geoturisme rekna for å vere veksande. Mellom anna på Svalbard og på stader kor det har vore gruvedrift. Men det er lite konkrete produkt å finne gjennom enkle Googlesøk. Forvaltar har diskutert med fagfolk innan naturbasert reiseliv, og idemyldra litt kring kva ei bacvhelorumpgåve kan gå ut på.

***Er det potensiale for å få til attraktive og lønsomme reiselivsprodukt basert på geologien og det særskilde landskapet i og rundt verneområdet?***

Der er minst to felt ein bør greie ut meir om:

Marknad:

- Er det marknad for slike produkt?
- Fins det andre stader?
- Har andre lukkast/mislukkast med noko liknande?

Lokalt (eksisterande) reiseliv:

- Finnast det aktørar lokalt som kan utvikle noko slikt?
- Beste lokalisering?
- Naudsynt kompetanse?

### **Vedtak ST 12/2018**

Styret diskuterte kva som var realistisk å få ut av ei slik oppgåve.

Ei slik oppgåve må ikkje vere for "brei", det er viktig å spisse problemstillinga slik at ein kan jobbe grundig med den.

Ålfotbreen verneområdestyre har to problemstillingar som dei ynskjer å få utgreia gjennom ei eller fleire studentoppgåver:

1. Er der marknad som er viljuge til å betale for reiselivsprodukt knytt til geologien i Ålfotbreen-området?
2. Er det lokale reiselivet i stand til å tilby attraktive og lønsame reiselivsprodukt knytt til geologien i Ålfotbreen-området?

Desse to problemstillingane kan begge vere sjølvstendige oppgåver, eller dei kan samlast i ei oppgåve.

Verneområdeforvaltar tek desse problemstillingane vidare til høgskulen for vidare utvikling mot ei eller fleire studentoppgåver.

## **ST 13/2018 Eventuelt**

### a. Møter i 2019

Ålfotbreen verneområdestyre legg opp til 4 møter i 2019.

Verneområdeforvaltar set opp framlegg til møtedatoar etter at kommunane og fylkeskommunen har satt opp sine møtekalendarar for 2019.